

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 06.02.2008, 08:30 - 19:15
Møtestad: Neptun hotell, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Gunnar Berge
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	
Gunnar Berge	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P Støyva	
Medlem	
Gisle Handeland	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Eli Moldeklev	
Medlem	

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomidirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Seniorrådgivar Torunn Nilsen

Saker:

001/08 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/08 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 4.desember 2007
003/08 O	Administrerende direktør si orientering
004/08 B	Rapportering frå verksemda per 31. desember 2007 mrd prognose for rekneskapstal 2007
005/08 B	Oppdragsdokument 2008 - Helse Vest RHF
006/08 B	Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. januar 2008
007/08 B	Styringsdokument 2008 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS
008/08 B	Konsernbudsjett 2008 og justering i inntektsramma til helseføretaka
009/08 B	Budsjett 2008 for Helse Vest RHF - administrasjonen
010/08 B	Investeringar og lån 2008 med 5-årig investeringsplan
011/08 B	Val av nye styre i underliggjande helseføretak - føringar for utveljing av styremedlemmer
012/08 B	Nasjonalt prosjekt for stabs- og støttefunksjonar
013/08 O	Status – "God Vakt"
014/08 O	Resultatutvikling i Helse Vest - rekneskapslova vs kommunale regnskapsprinsipp
015/08 O	Rapportering innkjøp
016/08 B	Val av revisjonskomitè til styret
017/08	Eventuelt

Presentasjon av Helse Bergen HF ved styreleiar Ranveig Frøiland

Styreleiar Ranveig Frøiland presenterte Helse Bergen HF, med fokus på generell orientering om helseføretaket, resultat i 2007 og framtidige utfordringar.

Helse Bergen HF har 9 500 tilsette, eit årleg budsjett på 5,88 milliardar kroner (driftskostnadar 2006), 99 725 sjukehusopphald (2007), og gjennomsnittleg liggetid innan somatikk på 3,12 døgn (døgn og dagpasientar).

Helse Bergen HF består av:

Haukeland Sjukehus, Bergen

Voss sjukehus, Voss

Kysthospitalet Hagevik, Hagavik

Sandviken Sykehus, Bergen

Nordåstunet, Rådal

Habiliteringstenesta for vaksne funksjonshemma, Nyborg

Åstveit distriktpsikiatriske senter, Tertnes

Askviknes voksenpsikiatriske senter, Hagavik

Fjell og Årstad distriktpsikiatriske senter, Straumsgrend

Radøy sjukeheim, Manger

Osheim behandlingsheim for barn, Os

Helse Bergen HF har følgjande budsjettutfordring i 2008:

Budsjettavvik 2007	- kr. 95 mill
Gevinst v. sal eignedom 07	- kr. 48 mill
Auka rentekostnader 2008	- kr. 25 mill
Nødvendige justeringar / nye tiltak 2008	-kr. 20-30 mill
Budsjettutfordring 2008	-kr.190-200 mill


Helse Bergen:

- Er og skal framleis vere faglig motor i Helse Vest
- Nest størst forskingsaktivitet i landet (etter Rikshospitalet/Radiumhospitalet)
- Dei fleste spesialiserte miljø i regionen er lagt til Helse Bergen
- Henvisingssjukehus for traumatologi
- Masse positivt engasjement og dyktige tilsette

Utfordringar i 2008:

- Forutsigbar ressursbruk innfor tildelte rammer
- Sikre god fagligheit når rammene er gitt, "dei sjukaste må få hjelp først"
 - vi har gode system som overvaker dette, og som dokumenterer at vi prioriterer rett

Prioriteringsprofil på behandla pasientar i Helse Bergen



Faglege satsingsområde i 2008

- Rusbehandling
- Psykiatri, spesielt barne- og ungdomspsykiatri
- Det akuttmedisinske behandlingstilbodet
- Arealutvikling

001/08 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Nye styremedlemmer:

Torhild Selsvold Nyborg, Ohene Aboagye, Gro Skartveit, Nils P Støyva og Gerd Dvergsdal vart i føretaksmøte 25. januar 2008 valt som styremedlemmer i styret for Helse Vest RHF.

Eli Moldeklev vart av valstyret 28. januar 2008 valt som styremedlem valt av og blant dei tilsette i styret for Helse Vest RHF.

Nye styremedlemmer vart presenterte og ønskja velkommen i styret.

Forfall:

Gunnar Berge hadde meldt forfall til møtet.

Nytt punkt på administrerande direktør si orientering:

Styreleiar orienterte om nytt punkt 11 på AD si orientering – Nevrokirurgi i Helse Vest

Lukking av møte:

Styreleiar orienterte om at styremøtet ville bli lukka under diskusjon om reoppnemning/val av nye styremedlemmer til styra i helseføretaka.

Styreleiar orienterte om at møtet blir lukka under AD si orientering pkt 8, 9 og 10

Følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 003/08 O AD si orientering:

Brev til pkt 1 - Rapportering til helsetilsynet for november 2007

Notat til pkt 2 – Oppnådde resultat i føretaksgruppa i 2007

Notat til nytt pkt 11 – Nevrokirurgi i Helse Vest

Til sak 007/08 B Styringsdokument 2008 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS:

Korrigeringar til Styringsdokumenta

Til sak 011/08 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak – føringar for utveljing av styremedlemmer:

Oversikt over noverande styre

Oversikt over innmelde kandidatar

Eventuelt:

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Ventetid og kapasitet på røntgentenester i Helse Vest (Kari Oftedal Lima)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

002/08 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 4. desember 2007

Kommentarar:

Protokoll frå styremøte 4. desember 2007, blir sendt til dei styremedlemmene som satt i styret i desember 2007 for signering.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokollen frå styremøte 4. desember 2007.

Ope del

003/08 O Administrerende direktør si orientering

1. Pålegg om å rette forholda ved akuttpostane /korttidsavdelingane i Helse Bergen HF – rapportering for november og desember 2007

Helse Vest RHF stilte i brev av 25.09.07 krav overfor Helse Bergen HF om at det frå og med 27.09.07 ikkje skulle vere korridorpasientar i akuttmottak/korttidavdelingar i psykisk helsevern.

Det har frå det tidspunktet og fram til dags dato ikkje vore nytta korridor plassar i akuttmottaket eller korttidsavdelingane i Helse Bergen HF.

Helse Vest RHF følgjer med utgangspunkt i "sørge for" ansvaret saka nøye på overordna nivå, med detaljert rapportering på belegg, gjennomføring av tiltak, evaluering og vurdering av behov for nye tiltak. Styret var uroa over den høge beleggsprosenten og presiserte at Helse Vest RHF framleis må ha ei tett oppfølging av Helse Bergen og i samarbeid med Helse Bergen sikre at tiltaka gir ein langsiktig effekt. Det er gjort avtale med private institusjonar og nærliggjande helseføretak om å utnytte ledig kapasitet ved behov.

Styret vart orientert om at det lokale helsetilsynet har bedt om rapportering når det gjeld korridorpasientar i Helse Stavanger HF. I Styringsdokument 2008, er det stilt krav om at og Helse Stavanger intensiverer arbeidet med å få ned talet på korridorpasientar.

2. Oppnådde resultat i føretaksgruppa 2007

Administrasjonen viste til utdelt notat. Styret får og utsendt notatet – Helse Vest etter fem år – kva har vi oppnådd, frå styresak 003/07 O.

3. Vidareutvikling av Spekter sin vedtaks- og forankringsstruktur

Spekter er helseføretaka sin arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon. Valet av Spekter (tidlegare NAVO) var gjort av HOD i 2001 som ein del av reforma.

Spekter er organisert med eit hovudstyre som gir forhandlingsfullmakt for lønnsdanninga i Spekter områda. For Helse er det etablert eit eige, som er eit underutval av hovudstyret, styre for Spekter Helse der dei 4 administrerende direktørane utgjer styret.

I Strategi- og forhandlingsutvalet er føretaksgruppa i Helse Vest er representert ved administrerende direktør Stener Kvinnsland, frå Helse Bergen med stedfortredar administrerende direktør Johannes Kolnes frå Helse Fonna. I tillegg er føretaksgruppa representert ved personal- og organisasjonsdirektør i Helse Vest. Denne modellen krev at representantane som er deltakarar i strategi- og forhandlingsutvalet sikrar god dialog med dei øvrige helseføretaka, sørgjer for at arbeidsdelinga mellom representantane blir slik at føretaka på likeverdig måte blir viktige aktørar inn i dette arbeidet, og at deltakarane til sist sikrar at føretaksgruppa Helse Vest er tilstrekkelig og godt representert i de ulike forhandlingsprosessar.

4. Fordeling av inntekter mellom helseregionane

Administrasjonen oppsummerte hovudpunkta i Inntektsutvalet si rapport – Fordeling av inntekter mellom regionale helseføretak. Utvalet si innstilling er samrøystes, og vil føre til følgjande omfordeling mellom helseregionane:

	Basert på ressurs - behovs-indeks	Korreksjon kapital	Om-fordeling	Kroner per innbygger	Pst. av basis løyving 2008
Helse Sør-Øst	- 809	28	-781	-300	-2,2%
Helse Vest	181	65	246	254	2,1%
Helse Midt-Norge	369	-45	324	496	3,7%
Helse Nord	258	-48	211	456	2,6%

Rapporten er sendt på høyring og forslag til høyringsuttale vil bli lagt fram for styret i styremøte i mars.

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

004/08 B Rapportering frå verksemda per 31 desember 2007

Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon per 31. desember 2007.

Aktivitet:

Den samla aktiviteten i Helse Vest målt i sjukehusopphald, er lågare enn den var på same tid i 2006. Ved utgangen av året viser dei førebels tala at aktiviteten har vore -1,4% lågare i 2007 enn i 2006, medan målsettinga har vore uendra aktivitet (0%). Særleg Helse Bergen har lågare aktivitet enn budsjettert.

Målar ein aktiviteten i DRG-poeng er den høgare enn i 2006 grunna at DRG-indeksen er høgare enn den var førre året. Den polikliniske aktiviteten som framleis er finansiert av NAV i 2007 er 2 % høgare enn den var på same tid i 2006.

Ventetid:

Ventelistetala per 31. desember viser at nedgangen i dei gjennomsnittlege ventetidene som vi har observert etter sommaren, ikkje held fram frå november til desember innan somatikk og psykisk helsevern for barn, men ventetida går framleis noko ned innan psykisk helsevern for vaksne.

Epikrise:

Ventelistetala per 31. desember viser at nedgangen i dei gjennomsnittlege ventetidene som vi har observert etter sommaren, ikkje held fram frå november til desember innan somatikk og psykisk helsevern for barn, men ventetida går framleis noko ned innan psykisk helsevern for vaksne.

Økonomi:

For desember blir det presentert førebelse tal grunna at rekneskapet er ikkje stengd enno. Føretaka har rapportert alle kjente forhold som har betydning for resultatet.

Pr desember	Foreløpig resultat 2007	Korrigerings pensjon	Korrigert resultat 2007	Årsbudsjett	Avvik 2007
Apoteka Vest	-2 575	5 800	3 225	4 387	-1 162
Helse Bergen	-499 098	250 367	-248 731	-153 000	-95 731
Helse Fonna	-102 304		-102 304	-38 000	-64 304
Helse Førde	-128 055		-128 055	-46 000	-82 055
Helse Stavanger	-316 018	153 873	-162 145	-60 000	-102 145
Kjøp av helsetenester	188 987		188 987	-7 000	195 987
Helse Vest (Mor)	4 319		4 319	0	4 319
Helse Vest IKT	826		826	233	593
Sum	-853 918	410 040	-443 878	-299 380	-144 498

Resultatet for desember viser eit negativt avvik på kr 323 mill. Helse Stavanger, Helse Bergen samt Apoteka har kostnadsført auka i pensjonskostnader. Om ein korrigerer for dette er budsjettavviket i desember positivt med kr 87 mill. Det positive avviket ligg hos Helse Vest RHF. Korrigert budsjettavvik for året viser minus kr 144,5 mill. Alle dei firehelseføretaka har store avvik.

Resultatutviklinga for Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde har ikkje vore god nok i 2007. Spesielt frå sommaren og ut over hausten har dette vist seg i store økonomiske avvik.

Det er noko varierende grunnar for dette, men størstedelen av utfordringa kan oppsummerast i 3 punkt:

- Manglande kontroll på lønsutgiftar, stillingar og netto månadsverk
- Manglande gjennomføringsevne på budsjetterte omstillingstiltak
- Manglande realisme i budsjettarbeidet

I tråd med klare signal frå Helse- og omsorgsdepartementet, vil administrerende direktør føreslå følgjande tiltak inn mot 2008:

1. Budsjettet skal vere realistisk og gjennomførbart
2. Det skal synleggjerast tiltak for alle avvik. Tiltaka skal minst brytast ned til 3. nivå, og skal vere ansvarsplassert.
3. Dei HFa som har best gjennomføringsevne/realisering av sine tiltak i 2007 får effekt av ca 80% av tiltaksmengda. Budsjettet må tilpassast forventa realistisk gjennomføringsevne for tiltakspakken
4. Gjennomføringstidspunkt for tiltak skal vere så tidleg som mogleg i budsjettåret.
5. Det skal fastsetjast klare øvre stillingsmål for vår og for haust. Helseføretaka må sikre betre styring og kontroll med stillingar og netto månadsverk. Administrerende direktør i Helse Vest vil kome attende til dette punktet i styremøte 25. februar 2008.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet har i dei siste månadene av 2007 utvikla seg i negativ retning. I november er sjukefråværet høgare enn kva det var i januar 2007. Ved utgangen av november er det totale sjukefråværet for helseføretaka i Helse Vest 7,7%. Av dette utgjør sjukemeldte sjukefråværet 6,7% av sjukefråværet.

Helseføretaka sitt styringsmål for netto månadsverk har vore at ein ikkje skal ha fleire netto månadsverk enn det som ein hadde i gjennomsnitt for 2006, med unntak av styrevedtak i Helse Bergen. Det tilsvarar 16.509 netto månadsverk for heile føretaksgruppa.

Etter sommarferien ligg netto månadsverk på eit høgare nivå enn kva den gjorde tidlegare i 2007. Det er fleire forhold som spelar inn. Det ser ut til at føretaka ikkje har klart å ta månadsverka tilbake til same nivå som ved inngangen til ferien. Stigninga i sjukefråværet spelar også inn. Det gir ein auke i bruken av vikarar.

Styret presiserte at helseføretaka må intensivere arbeidet med å nå 80% kravet på epikrisetid, redusere sjukefråværet og med å få ned talet på korridorpatientar.

Styret varsla og ei tettare oppfølging i høve til talet på stillingar og lønskostnader.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek verksemdsrapport er 31. desember 2007 med førebels tal for økonomieresultatet til etterretning.
2. Utviklinga i bruk av personalressursar og epikrisetid har ikkje vore tilfredstillande i 2007. Styret viser til skjerpa krav til HFa i styringsdokumentet 2008, og ber om at dette blir følgt opp overfor HFa utover våren 2008.
3. Utviklinga i sjukefråværet i Helse Førde har vist ein urovekkande auke. Styret i Helse Vest ber om at styret i Helse Førde snarast får utarbeidd ein handlingsplan og iverksett tiltak for å få kontroll på sjukefråværet.
4. Styret i Helse Vest ber helseføretaka om å sette i verk tiltak for å styre aktiviteten inn mot bestillinga på DRG poeng som er fastsett i Styringsdokument 2008. Vidare må dei tiltaka som er fastsett i Styringsdokument 2008 vedrørende auka kontroll med utvikling i bemanninga implementerast straks. Omstillingstiltaka i 2008 må vere realistiske, ha ein god kvalitet og vere tilstrekkeleg for å nå resultatkravet. Tiltaka må bli fordelt, forankra og periodefordelt ned på lågaste nivå der kor budsjettansvaret ligg.
5. Styret konstaterer at Helse Fonna for desember måned rapporterar eit negativt avvik på 48 millionar kroner. Styret er kjent med at internrevisor er bedt om å sjå på saka. Dersom avviket er rett er styret i Helse Vest kritisk til at dette ikkje er avdekket tidlegare, og ber om at styret i Helse Fonna må sikre at føretaket har langt betre styrings- og kontrollsystem for budsjettåret 2008 enn for 2007.

005/08 B Oppdragsdokument 2008 Helse Vest RHF

Kommentarar:

Ved brev av 21. januar 2008 har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt oppdragsdokumentet for 2008 til Helse Vest RHF.

Oppdragsdokumentet som Helse Vest RHF årleg mottek frå Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, jf. styresak 006/08 B er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Oppdragsdokumentet inneheld ei rekke styringskrav som Helse Vest RHF må følgje opp og vidareføre i styringa av helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok oppdragsdokumentet for 2008 til Helse Vest RHF til etterretning.

006/08 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. januar 2008

Kommentarar:

25. januar 2008 blei det halde to føretaksmøte i Helse Vest RHF. Føretaksmøtet er Helse Vest RHF sitt øvste organ, og det er der eigar utøvar sin eigarmyndigheit. Dagsorden til det første møtet var endring av vedtektene § 8 vedrørande tal styremedlem, val av nytt styre og fastsetjing av styregodtgjering. I det andre møtet blei styrings- og prestasjonskrav for 2008 på økonomi- og organisasjonsområdet fastlagt.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollane frå føretaksmøta 25. januar 2008 til etterretning.

007/08 B Styringsdokument 2008 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Kommentarar:

Gjennom styringsdokument vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2008. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaka. På grunnlag av manglande resultatoppnåing også i 2007 er det nødvendig å gi enda meir detaljerte føringar i styringsbodskapen for 2008 samanlikna med tidlegare år. Helse Vest RHF legg opp til ein tett og meir detaljert styring og oppfølging med fokus på økonomi, aktivitet og utvikling i bemanning.

Sentrale element i styringa for 2008 er tydelege krav til resultat, krav om tydeleg formell struktur og fortsett satsing på internkontroll. Helse Vest legg vidare stor vekt på felles utviklingsarbeid innanfor sentrale område, og at helseføretaksgruppa held eit høgt fokus på overordna leiarskap, etikk og sikring av heilskapsperspektivet.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til helseføretaka og Helse Vest IKT i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.02.08 med følgjande endringar:

1.

Konsekvensar av vedtakspunkt 4 i sak 008/08 B Konsernbudsjett 2008 og justering i inntektsramma til helseføretaka:

"Styret ber HFa treffe nødvendige tiltak for å sikre at produksjonen i helseføretaka blir lagt opp i tråd med bestillinga for 2008.

- *Helse Bergen kan, med utgangspunkt i faktisk aktivitet i 2007, auke i aktiviteten med 1,5 % + 1 % kodeforbetring.*
- *Helse Stavanger, Helse Førde og Helse Fonna skal levere budsjett i samsvar med fastsette krav i konsernbudsjettet, men kan auke pasientbehandlinga innan somatikk med inntil 1,5 % gitt følgjande forhold:*
 - *Krav til budsjettbalanse*

- *Auka pasientbehandling skal i hovudsak vere innanfor gruppa med rett til nødvendig helsehjelp*
- *Føretaka må styrkje arbeidet med å følgje prioriteringsforskrifta, jf Styringsdokument 2008*
Dersom bestillinga påverkar resultatkravet må det setjast i verk ytterlegare tiltak for å sikre eit resultat i tråd med pkt. 1.”

2.

Pkt 5.2 tredje avsnitt i styringsdokument til Helse Stavanger HF skal endrast til:

Helse Stavanger sitt resultatkrav for 2008 er fastsett til eit resultat på kr 0.

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2008 til Helse Førde HF med dei endringar som er referert ovanfor.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til Helse Bergen HF med dei endringar som er referert ovanfor.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til Helse Fonna HF med dei endringar som er referert ovanfor.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til Helse Stavanger HF dei endringar som er referert ovanfor.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til Apoteka Vest HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.02.08.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2007 til Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 06.02.08.

008/08 B Konsernbudsjett 2008 og justering i inntektsramma til helseføretaka

Kommentarar:

Helse Vest la i møtet den 8. november 2007 fram sak 094/07 B Inntektsfordeling 2008 og resultatkrav 2008.

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2008 samt fastsett resultatkrav no behandla og vedtatt sine budsjett for 2008 i dei respektive styra.

Denne saka omfattar og endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeidd i sak om inntektsfordeling 2008.

Administrerende direktør legg med dette fram forslag til konsernbudsjett 2008 med eit samla resultat i balanse.

Helseføretaka må fram til første rapportering innarbeide bestillinga på DRG produksjon med tilhøyrande kostnadsreduksjon i sine budsjett. Budsjetta må med utgangspunkt i bestillinga behandlast på ny i dei respektive styra.

Vedtak (samrøystes):

1. Konsernbudsjett 2008 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande resultatkrav for føretaka:

Tal i heile mill.	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Konsern
Resultat 2008	0	0	0	-40	6	0	40	0	6

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 94/07 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2008 sak 094/07 B	3 350 034	1 928 475	5 238 600	1 606 224	2 596 221	14 719 553
Opptappingsplan psykiatri HF	22 000	12 000	25 000	7 500	-66 500	0
Finansiering av MS-legemidler	14 264	8 552	19 842	5 542	-48 200	0
Flytting av lab/røntgen til basisramme	12 706	4 921	18 217	3 980	-39 824	0
Skjønnstilskudd Helse Bergen			24 000		-24 000	0
Petsenter Helse Bergen			25 000		-25 000	0
Endring i overslagsbevilgning ISF vs. sak 94/07	39 627	-7 106	-6 250	-18 709	-1 948	5 615
Oppdatert inntektsramme frå staten:						0
Habilitering og rehabilitering og tiltak rusmiddelavhengige					2 350	2 350
Basisramme - korrigert for endelig basisramme					500	500
Sjuketransport	-579	-541	-1 101	-1 093		-3 314
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress					1 117	1 117
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					85 692	85 692
						0
Sum endringar	88 018	17 827	104 707	-2 779	-115 813	91 960
Oppdatert inntektsramme 2008	3 438 051	1 946 302	5 343 307	1 603 445	2 480 408	14 811 513

3. Administrerande direktør kan foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjettamma.
4. Styret ber HFa treffe nødvendige tiltak for å sikre at produksjonen i helseføretaka blir lagt opp i tråd med bestillinga for 2008.
- Helse Bergen kan, med utgangspunkt i faktisk aktivitet i 2007, auke i aktiviteten med 1,5 % + 1 % kodeforbetring.
 - Helse Stavanger, Helse Førde og Helse Fonna skal levere budsjett i samsvar med fastsette krav i konsernbudsjettet, men kan auke pasientbehandlinga innan somatikk med inntil 1,5 % gitt følgjande forhold:
 - Krav til budsjettbalanse
 - Auka pasientbehandling skal i hovudsak vere innanfor gruppa med rett til nødvendig helsehjelp
 - Føretaka må styrkje arbeidet med å følgje prioriteringsforskrifta, jf Styringsdokument 2008
 - Dersom bestillinga påverkar resultatkravet må det setjast i verk ytterlegare tiltak for å sikre eit resultat i tråd med pkt. 1.
5. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå budsjettbalanse og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
6. Styret i Helse Vest viser til føretaksmøte for Helse Vest og til protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest, der HOD ber om strammare styring og meir kontroll med stillingar og tilsetting. Styret ber helseføretaka om:
- innan 1. april 2008 ha etablert eit utval som skal godkjenne alle nyoppretta stillingar og tilsetjingar i vakante stillingar i helseføretaket. Utvalet må opprettast av administrerande direktør, og det skal etablerast instruks og fullmakter for utvalet.
 - etablere rutinar for at eigne tilsette/vikarar blir omdisponerte på tvers av klinikkar, avdelingar og postar slik at bruken av innleidd personell kan bli redusert
 - sikre rutinar ved tilsetting, oppretting eller omdisponering av stillingar som er omfatta av systemet for fordeling av legar
 - gjennom aktivitetsstyrt bemanningsplanlegging sikre at bemanninga er sett saman på ein måte som er tenleg i forhold til oppgåvene til føretaket.
 - planleggje og gjennomføre avvikling av ferie på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte. Det er eit felles ansvar for alle medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde/vernetenesta å medverke til dette.
 - HFa må sikre medverknad frå tillitsvalde og vernetenesta i prosessane

7. Styret ber administrerende direktør søkje Helse- og omsorgsdepartementet om auke i driftskredittramma på kr 200 mill til ei samla ramme på kr 1,8 mrd
8. Styret ber om at auka pensjonskostnader som følgjer av nye reknetekniske føresetnader blir innarbeida i budsjetta, men at resultatkravet blir redusert tilsvarande. Styret vil komme attende til saken etter revidert nasjonalbudsjett er kjend.

009/08 B Budsjett for Administrasjonen i Helse Vest RHF 2008

Kommentarar:

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 94/07 Inntektsfordeling 2008, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 81,1 mill inkl. ei ramme for det nye lønn og rekneskapssenteret på kr 3 mill. Dersom ein held det nye lønn og rekneskapssenteret utanfor, tilsvarer det ein vekst på 4,3 %. Differansen frå det som var foreslått i styresak 94/07 Inntektsramme 2008, kjem av det er lagt inn to ekstra årsverk. Det gir ein vekst i kostnadene i administrasjonen på 6 % målt mot budsjettet i 2007.

Tabellen nedanfor viser tal på årsverk i Helse Vest RHF inkludert dei to nye årsverka. Dei nye årsverka er ein controllarstilling i økonomiavdelinga samt ein rådgivarstilling i fagavdelinga.

Avdeling	Årsverk
Informasjonsavdelinga	4 årsverk
Fagavdelinga	11,2 årsverk (1,2 ledig)
Sekretariat	4 årsverk (1 ledig)
Økonomi- og finansavdelinga	9,8 årsverk (4 ledig)
Personalavdelinga	2 årsverk
Eigaravdelinga	6 årsverk
Administrerende direktør	1 årsverk
Internrevisor	1 årsverk
Sum Helse Vest RHF	39,0 årsverk
Lønn og regnskaps-senteret	8 årsverk (2 ledig)

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok budsjett 2008 for administrasjonen i Helse Vest RHF

010/08 B Investeringar og lån 2008 med 5-årig investeringsplan

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 14.02.2007 sak 006/07 B Investeringar – styring, prioritering og fastsetting av investeringsramme og lånebehov for 2007.

Som ein del av den årlege budsjettprosessen har Helseføretaka rapportert 5-årig investeringsplan den 15/8-2007.

Dei innrapporterte planane viste eit investeringsomfang som langt oversteig den finansielle og driftsmessige ramma som Helse Vest hadde til rådigheit. Helseføretaka blei derfor bedt om å utarbeide reviderte investeringsbudsjett godkjent av styret i dei respektive HFa.

Helseføretaka har no rapportert reviderte planar, men ikkje alle er behandla av styret enno.

Helseføretaka har i sine budsjett for 2008 samla planlagde investeringar på om lag kr 1,141 mrd.

Den samla Investeringsramma ligg innfor det som Helse Vest har i kapitalgrunnlag for 2008. Helseføretaka må prioritera prosjekta innfor gjeldande investeringsprosedyre og fastsett investeringsramme.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret setter følgjande øvre ramme for investeringar finansiert i 2008 fordelt på kategoriane under:

Tal i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	SUM
Nybygg og bygningsmessige investeringar	149	80	427	34			690
MTU	75	50	95	5			225
IKT						89	89
Andre investeringar	53	7	66	5	7		138
TOTALT	277	137	588	44	7	89	1141

Helseføretaka kan omprioritere investeringsramma på MTU og andre investeringar inn mot nybygg og bygningsmessige investeringar. Helseføretaka må sørge for at investeringsplanane blir behandla i dei respektive styra i førstkommande møte.

2. Tildelt lån frå staten på kr 165 mill i 2008 går i sin heilskap til å finansiere ferdigstilling av lab bygg ved Helse Bergen
3. Styret tar 5-årig investeringsplan til orientering, og investeringsramma skal vera førande for det vidare arbeid med investeringar i perioden.
4. Den samla investeringsplanen må tilpassast det finansielle grunnlaget som Helse Vest er satt opp med. Lån til investeringar må stramast inn slik at føretaksgruppa ikkje aukar gjeldsbelastninga over tid. Det maksimale låneopptak må ikkje være høgare enn om lag kr 70 mill i slutten av 5-års perioden. Styret vil be om at ein arbeider for å redusere låneopptaket i slutten av 5 års perioden mot null.
5. Styret i Helse Vest vil be om at det blir lagt større vekt på risikoanalysar i tilknytning til større investeringsprosjekt, og at det blir utarbeidd konkrete tiltaksplanar for korleis driftsmessige konsekvensar av investeringsplanane skal dekkast inn.

Ope del

011/08 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak - føringar for utveljing av styremedlemmer

Kommentarar:

Dei sitjande styra i helseføretaka under Helse Vest RHF blei oppnemnde i føretaksmøte i april 2006 med unntak for styret i Helse Stavanger HF der det blei sett inn eit nytt styre i føretaksmøtet 30. mai 2007.

I tillegg til kravet om tilstrekkeleg samansatt kompetanse vil følgjande moment vere sentrale ved samansetting av helesføretakstyra:

- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- naturleg tilknytning til regionen
- partipolitisk fordeling

- habilitet
- RHF representasjon i helseføretaksstyra
- brukarkompetanse
- tid til å utføre styrevervet

Ved samansetting av helseføretaka sine styre er det ei rekkje kompetansekrav og andre behov ein må sjå hen til:

- innsikt i og relevant erfaring frå styrearbeid
- administrativ/organisatorisk kompetanse og erfaring frå omstillingsprosessar
- økonomisk kompetanse
- rolleforståing som styremedlem i eit dotterselskap i eit konsern
- evne til å balansere styret sitt arbeid/sine utspel for å sikre at føretaket skaper tillit og tryggleik hjå pasientar og innbyggjarar
- evne til å balansere "i det opne landskap" der ein må ta omsyn til politiske føringar, krav frå eigar og forventingar frå tilsette og pasientar
- evne til å ha eit heilskapleg perspektiv på oppgåveløysinga
- evne til å etterleve og iverksetje vedtak fatta av overordna organ

Styret hadde og ei innleiande drøfting av styresamansettinga i helseføretaka. Møtet vart lukka under den delen av diskusjonen.

Vedtak (samrøystes):

Vurderingane i saksførelegget blir lagt til grunn for samansetting av dei nye styra i helseføretaka.

012/08 B Nasjonalt prosjekt for stabs- og støttefunksjoner

Kommentarar:

Denne saka blir fremma som ei likelydande styresak for dei fire regionale helseføretaka etter handsaming i RHF direktørmøte 17/12-07.

Administrerende direktør i Helse Vest meiner det er viktig at det vidare arbeidet skal skje mellom 4 likeverdige regionar, og at det tek tilstrekkeleg omsyn til at regionane er kome ulikt på dei ulike områda. Det vil vere nødvendig med tett samhandling i alle fasar, og ein må bygge på erfaringar som er gjort i dei respektive regionane. Helse Vest har gjort eit betydelig arbeid og kome langt på fleire område som eit felles nasjonalt stab- og støtte prosjekt må ta omsyn til, og som er avklart inn i det prosjektet som nå har vore gjennomført.

Vedtak (samrøystes):

1. Det gjennomføres en fase 2 for realisering av nasjonale fellesløsninger, som foreslått i prosjektrapporten. Prosjektrapporten anbefaler at det etableres nasjonale fellesløsninger innenfor nærmere definerte områder, og gir en beskrivelse av hva disse nasjonale fellesløsningene bør bestå av.
2. Det etableres et nasjonalt program for realisering av de nasjonale fellesløsningene (fase 2), med sterk forankring i de regionale helseforetakene.
3. Ulike behov og utgangspunkt gjør at regionene vil innføre de nasjonale fellesløsningene i ulikt tempo. Det er allikevel en forutsetning at regionene deltar i et forpliktende samarbeid og at alle regionene skal over på de nasjonale fellesløsningene på sikt, dersom de nasjonale felles løsningene skal fungere best mulig og gi de ønskede effekter.
4. Det etableres et nasjonalt oppgjørskontor med utgangspunkt i gjestepasientoppgjørskontoret (GOPP) for å håndtere gjestepasientoppgjør mellom regionene.

5. Det utarbeides en egen kommunikasjonsstrategi innenfor programmet for videre kommunikasjon, både internt og evt. eksternt mot førstelinjetjenesten, kommuner og fylkeskommuner m.m.
6. Det skal legges til rette for at ansatte sikres medvirkning og medbestemmelse gjennom sine organisasjoner i det videre arbeid, for å sikre gode prosesser og best mulige vilkår for eventuelle omstillings- og endringsprosesser.

013/08 O Status "God Vakt"

Kommentarer:

Arbeidstilsynet si kampanje "God Vakt" har satt *viktige* fokus på arbeidsmiljøet ved helseføretaka i Helse Vest. Kampanjen har avdekket mangler knytt til tilfredsstillende HMS rutiner, rullende handlingsplaner, rutiner for samarbeid mellom leiing og verneombod mm. Kampanjen har samstundes vært medvirkende til at det blir gjort noko med forhold som er naudsynte for å få eit fullt ut tilfredsstillende arbeidsmiljø.

Sjølv om pålegga som blei gitt i "God Vakt" er fulgt opp, må ein stadig søke etter forbetringar og tilpasse dei ulike tiltaka etter endringar som blir gjort i organisasjonen, bygningar og teknologi. HMS og arbeidsmiljø må gå inn som ein naturleg del av ordinære leiingsprosessar på ulike nivå i helseføretaka.

Nytt tilsyn vil finne stad i perioden 1.9. – 12.12.2008.

Neste fase i "God Vakt" vil ha eit noko meir avgrensa tematisk fokus:

1. Levandegjering av HMS-arbeidet
2. Medverknad og samarbeid
3. Leiing, ansvar og myndigheit
4. Omstillingsprosessane

Vedtak (samrøystes):

Styret tok framstillinga vedrørande oppfølging av Arbeidstilsynet si God Vakt kampanje til orientering.

014/08 O Resultatutvikling i Helse Vest - rekneskapslova vs kommunale rekneskapsprinsipp

Kommentarer:

Norsk rekneskapslov og kommunale rekneskapsprinsipp gjer store skilnader i resultatmålinga.

Helse Vest ville ha levert balanse/overskot basert på ein kommunal rekneskapsmodell frå og med 2002. Sjølv om me skulle tatt omsyn til vår del av gjelda som vart sanert, ville me hatt balanse/overskot frå 2005.

Av dette ser ein at den ubalansen/det underskotet som var på drifta medan fylkeskommunane hadde ansvaret, totalt ca kr 500 mill, er rydda på plass.

Det som gjer at føretaka framleis har underskot etter rekneskapslova, er at etter rekneskapslova må ein i tillegg til å ha kontroll på drifta, og ha evne til å sikra reinvestering. Dagens prinsipp ryddar forholdet rundt både resultatmåling, investeringar/kapital og vedlikehald, og gjennom rekneskapen får ein eit meir korrekt bilete av den samla drift og kostnad knytt til kapitalbruk gjennom året.

Helse Vest gir sin fulle støtte til at rekneskapen blir ført etter dei prinsipp som følgjer av rekneskapslova. Det må likevel understrekast at dette samtidig har medført at helseføretaka

brukar lengre tid på å oppnå resultatbalanse enn om ein hadde lagt til grunn det kommunalt rekneskapsprinsipp som vart nytta før helsereforma trådde i kraft

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

015/08 O Rapportering Innkjøp

Kommentarar:

Helseføretaka i regionen kjøper varer og tenester for ca. 4 mrd kroner i året. Sidan reformstarten i 2002 er det arbeid systematisk med å få redusert kostnader til innkjøp, mellom anna ved at fleire og fleire innkjøp skjer etter ein samla regional innkjøpsprosess. Rapporterte innsparingar på innkjøpsområdet for regionen samla for perioden 2003 -2007 er på 231 millionar kroner.

I 2007 blei elektronisk handel (ehandel) introdusert med full tyngde i helseføretaka. Alle helseføretaka er knytt til den offentlege marknadsplassen www.ehandel.no gjennom eit felles regionalt ehandelsprosjekt.

I 2007 var året elektronisk handel (ehandel) blei introdusert med full tyngde i helseføretaka. Alle helseføretaka er knytt til den offentlege marknadsplassen www.ehandel.no gjennom eit felles regionalt ehandelsprosjekt.

Som einaste regionale helseføretak har Helse Vest innført eit felles elektronisk kontraktssystem for helseføretaka i regionen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

016/08 B Val av revisjonskomitè til styret

Kommentarar:

Med bakgrunn i val av nytt styret for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 25. januar 2008 skal det veljast ny revisjonskomitè.

Helge Espelid fortsetter i revisjonskomiteen som representant frå styremedlemmer valt av og blant dei tilsette.

Vedtak (samrøystes):

Saka vart utsett til neste styremøte.

017/08 Eventuelt

Ventetid og kapasitet på røntgentenester i Helse Vest (Kari Oftedal Lima)

Kari Oftedal Lima ønskte ein orientering om ventetid og kapasitet på røntgentenester i Helse Vest. Styresak om plan for radiologi blir lagt fram for styret i april. Anbudskonkurranse på kjøp av røntgentenester frå private pågår.

Teleradiologi vil avhjelpe bemanningssituasjonen innan røntgen-tenester. Implementering av løysing med teleradiologi vil bli sett i drift i Stavanger frå og med 4. april.

Styremøte 25. februar (Oddvard Nilsen)

Styreleiar orienterte om at følgjande saker vil bli behandla på styremøte 25. februar:

- Val av nye styre i helseføretaka og Helse Vest IKT AS
- Årleg melding 2007
- Nevrokirurgi i Helse Vest
- Val av revisjonskomite til styret

Helse 2020 (Oddvard Nilsen)

Styret ønskte ein presentasjon av Helse 2020 på styremøte i mars/april.

Møteplan 2008 (Oddvard Nilsen)

Styret var samde om å flytte styremøte i juni til Førde, og leggje styremøte i oktober til Stavanger.

Styret ønskte å endre dag for styremøte i mai og oktober. Administrasjonen sender ut nye forslag til tidspunkt for møta på e-post, og oppdatert møteplan blir lagt fram på neste styremøte.

Lukka del:

Møtet var lukka med heimel i Offl § 5, 1.ledd

011/08 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak

Kommentarar:

Styret hadde ei innleiande drøfting av styresamansettinga i helseføretaka.

Lukka del:

Møtet var lukka med heimel i:

Pkt 8 og 9: Off.l. § 6 første ledd nr 2 bokstav a

Pkt 10: Off.l. § 5a, jf. fvl § 13 nr 2

003/08 B Administrerande direktør si orientering

8. Lønsoppgjeret 2008 (Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette deltok ikkje i denne drøftinga)

Det skal gjennomførast lønsforhandlingar for alle hovudsamanslutningane for Spekter Helse innan utløpet av tariffavtaleperioden 1. mai 2008. Dette er eit hovudoppgjer som opnar for krav på alle delar av overeinskomstane.

Strategi og ramme for forhandlingane var diskutert.

Styret vil bli haldne orientert i forhandlingsprosessen så langt det er mogleg.

9. Lønsramme Helse Vest RHF 2007

Styret ønskte å kome tilbake til avklaring av lønsramme for tilsette i Helse Vest RHF for 2007 på styremøte i mars.

10. Forlik i rettsvist mellom Capio Diagnostikk AS og Helse Vest RHF

Administrasjonen viste til tidlegare orienteringar til styret vedrørande søksmål mot Helse Vest RHF frå Capio Diagnostikk AS. Saka blei reist ved stemning av 3. juli 2007 og gjeld krav om betaling for utførte laboratorietenester som gjeld prøver frå pasientar som høyrer heime i Helseregion Sør.

Styret vart orientert om at det i rettsmekling er inngått eit utanrettslege forlik slik at saka er løyst ved ein minneleg ordning.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar er sendt ut til styret:

- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 17.1.08 "Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. januar 2008"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 17.1.08 "Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 25. januar 2008"
- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF tysdag 18. desember 2007, dagsett 18.12.07
- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF måndag 3. desember 2007, dagsett 3.12.07
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 20.12.07 "Nytt tidspunkt for føretaksmøte i Helse Vest RHF"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 11.12.07 "Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 30.11.07 "Fastsetting av tidspunkt for føretaksmøte i Helse Vest RHF 10. januar 2008"
- Brev frå Brukerutvalget i Helse Stavanger til Helse Vest RHF, dagsett 7.1.08 "Angående vedtak nevrokirurgisk avdeling"
- Kopi av brev frå Listerrådet til HOD, dagsett 20.12.07 "Uttalelse vedr. nevrokirurgi innen Helse Vest"
- Kopi av brev frå ordførerne i Stavanger-regionen til Helse Stavanger HF, dagsett 20.12.07 "Uttalelse fra ordførerne i Stavangerregionen om nevrokirurgitilbudet ved Universitetssjukehuset etter statsrådets vedtak"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 17.1.08 "Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Fjell 6. - 7. desember 2007 "
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 30.11.07 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Psykiatrisk klinikk, Haugland DPS 5.-6. november 2007"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Haraldsplass Diakonale Sykehus, dagsett 20.12.07 "Oversending av rapport frå tilsyn med Haraldsplass Diakonale Sykehus, Kirurgisk klinikk 3. og 4. desember 2007 "
- Kopi av brev frå FFO Sogn og Fjordane til Helse Førde HF, dagsett 9.1.08 "Behandling og rehabilitering for lungesjuka pasientar i Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 12.12.07 "Sak om funksjonsfordeling i føretaksmøte i Helse Vest RHF 18.06.03"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 5.12.07 " Sak om funksjonsfordeling i føretaksmøte i Helse Vest RHF 18.06.03 "
- Brev frå Flora kommune til Helse Vest RHF, dagsett 3.12.07 "Vedtak om nedlegging av nærsjukehuset i Florø"
- Kopi av brev frå Terje Sindre, dagsett 1.12.07 "Florø sykehus"

- Brev frå Haraldsplass Diakonale Sykehus til Helse Vest RHF, dagsett 14.12.07 "Økte pensjonskostnader 2007"
- Protokoll frå møtet i Regionalt brukarutvalg 28. november 2007
- Brev frå HOD til RHFa, dagsett 7.12.07 "Risikovurdering, kompetanse og rutiner for mattilbud til pasienter"
- Brev frå Haugland Rehabiliteringssenter til Helse Vest RHF, dagsett 9.1.08 "Orientering om alvorlige avvik ved Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter "
- Brev frå Riksrevisjonen til RHFa, dagsett 9.1.08 "Bemanning - bruk av deltidsstillinger og vikarer" Uts.Off.
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 24.1.08 "Rapportering av ventetider og tolkning av prioriteringsforskriften" Uts.Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 19.12.07 "Rapportering av ventetider og tolkning av prioriterings-forskriften" Uts.Off.

Ref. Torunn Nilsen
Bergen 6. februar 2008

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torhild Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev

Aslaug Husa